



Utval:	<b>Helse- og omsorgsutval</b>
Møtestad:	Midsund Omsorgsenter
Dato:	27.10.2016
Tid:	13:00

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Lars Joar Hagseth	LEDER	AP
Oline Blø	MEDL	AP
Liv Sissel Fanum	MEDL	SP

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Eli Linda Nesje	NESTL	KRF
Svein Misund	MEDL	V

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti
Petter Ræstad		SP
Erna Drønnesund		V

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Lars Joar Hagseth

Oline Blø

Liv Sissel Fanum

Petter Ræstad

Erna Drønnesund

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/24	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 16/25	Søknad om serverings- og skjenkeløyve - Midsund Marina	2016/498

Det vart halde møte i Helse- og omsorgsutvalet den 27.10.16 ved Midsund Omsorgsenter.

Møtet vart leia av Lars Joar Hagseth og tok til kl 13:00.

Eli Linda Nesje hadde meldt forfall og Svein Misund møtte ikkje opp.

Det var innkalla 2 varamedlemmar til møtet p.g.a. av fråfall og habilitet-spørsmål: Petter Ræstad og Erna Drønnesund.

Utvalet hadde 5 voterande og var fulltaleg og vedtaksfør.

Lars Hagseth la fram Årsrapport 2015 frå Krisesenteret, samt informerte frå sist styremøt.

Det vart fremma ønske om at rådet kunne få eit kurs eller gjennomgang av Alkohollova.

**PS 16/24 Godkjenning av protokoll**

**Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 27.10.2016**

Protokoll frå møtet den 23.09.16 vart godkjent.

**PS 16/25 Søknad om serverings- og skjenkeløyve - Midsund Marina**

**Forslag til vedtak:**

Søknad om alminneleg skjenkeløyve frå Midsund Marina vert avslege.

**Behandling i Helse- og omsorgsutval - 27.10.2016**

Lars Hagseth stilte spørsmål ved sin habilitet.

Han vart einstemmig kjend inhabil.

Rådet hadde då 4 voterande og var vedtaksfør.

Oline Blø vart vald til å leie møtet.

**Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 27.10.2016**

Søknad om alminneleg skjenkeløyve frå Midsund Marina vert avslege.

**Møtet vart heva kl 14:00.**